

Kunstplan – Kunstprosjekt knytta til offentlege bygg, Kommunale og fylkeskommunale saker

Dato/år:
29.01.2020

Opplysningar om saka:

Bygg: Fagerlia vidaregåande skule - nybygg sør

Byggherre: Møre og Romsdal fylkeskommune

Arkitekt: Kosbergs Arkitektkontor AS ved Kjell Kosberg og Ivar Gussiås

Medlemmar i kunstkomiteen:

Kjell Gunnar Overøye, kunstnarisk konsulent, Dagfinn Storvik, prosjektleiar, Ivar Gussiås, arkitekt, Claus Reiners, Møre og Romsdal fylkeskommune, Tor Andreas Dyrseth, kvalitetsleiar Fagerlia vgs., Tone Britt Myrseth, lærarrepresentant, Fagerlia vgs.

Kunstplan – innhald:

- 1 Kort omtale av skulen og analyse av nybygget
- 2 Overordna idè for utsmykkinga
- 3 Omtale av kunstprosjektet og grunngjeving for val av verkskategori
- 4 Forslag til kunstnar/ kunstnarar
- 5 Budsjett for kunstprosjektet (inklusive konsulenttenester)
- 6 Framdriftsplan
- 7 Andre merknader/opplysningar

1. Kort omtale av skulen og analyse av nybygget:

Fagerlia vidaregåande skule i Ålesund tilbyr programområda studiespesialisarande, studiespesialiserande med toppidrett; -internasjonal og -forskar, musikk, dans, drama, kunst, design og arkitektur og helse- og oppvekstfag. Skulen har per i dag 890 elevar og 140 tilsette der 112 er pedagogisk personale.

Møre og Romsdal fylkeskommune starta i november 2018 oppføring av Nybygg Sør ved skulen. Nybygget blir i 2 etasjar, TIP- avdeling i plan 1 og realfagsavdeling i plan 2 og forventast ferdig til skulestart i august 2020. Elevar frå store delar av skulen vil nytte nybygget, spesielt realfagsavdelinga der også elevar ved forskarlina vil halde til.

Bruttoarelaet er på ca 3.000 m² BTA.

Planløysinga av nybygget er komprimert, spesielt realfagsavdelinga i plan 2.

I TIP- avdelinga (plan 1) er det verkstadlokale med maskinelt utstyr, slipte betonggolv og solide plater i veggkledning i tillegg til lyddempande plater. Frå verkstaden går ein korridor som fører inn til elevgarderobar for gutar og jenter, samt garderobar for tilsette av begge kjønn. Her ligg ei mindre sosial sone for TIP-elevane.

Realfagsavdelinga (plan 2) har meir ordinære klasserom og realfagsrom for m.a. naturfag og forskarline som krev mykje innreiing langs veggane. Golvet har vinylbelegg, veggjar med platekledning eller lydabsorbentar, himling med treullsementplater. Plan 2 har midtkorridor med ei sosial sone i midten med gode lysforhold.

2. Overordna idè for utsmykinga og val av stader for plassering av kunst:

Visjonen for Fagerlia vidaregåande skule er:

«Med kunnskap, mangfald og trivsel inn i ei berekraftig framtid.»

I nybygget møtast elevar med stort fagleg spenn: Bygget skal huse Tip - elevar (teknikk og industriell produksjon), forskarklasse (innafor studiespesialisering) og realfagslaboratorium for alle Fagerlia- elevar. Møte mellom menneske med ulike interesser og fokus kan gi positiv energi og dynamikk. Slik vil også mangfald kunne framhevast som ein eigenskap ved skulen sitt innhald og med dei menneska som har sitt virke der, både elevar og tilsette.

Skulen si plassering blir ein viktig del av Campus Ålesund, der den lange trappeaksen langs nybygget visuelt knyter an mot kompetansesentra, NTNU og NMK, viktige nasjonale og internasjonale utdannings- og forskingscenter innan marine og maritime næringar. Kunsten i nybygget kan gjerne spegle visjonar retta mot teknologi og berekraft – det kan vere kunst som overraskar og som set i gang gode tankar i høve til utdanning, forskning og sjølvrefleksjon.

Ein ønskjer at det visuelle uttrykket kan bidra til ei kjensle av eigarskap for alle som har med skulen å gjere. Dette kan bli oppnådd gjennom visuelle sitat til kultur, natur, historie, handverkstradisjonar, næringsliv eller på anna vis. Kunstkomiteen er open for ulike tilnæringsmåtar.

I ei samtid der bilete og visuelle uttrykk ofte vert konsumert i høg fart, og mykje kan opplevast å passere raskt forbi utan vidare refleksjon – kan det vere meiningsfullt å tenkje seg teknikkar og uttrykk som har ein ibuande materialitet som tyngde, struktur og handverk, og som står seg over tid.

Plassering av kunst:

1. etasje

A Sosial sone. (F 122 1.) Området er ikkje stort, (13,6 m²) men kan bli ein naturleg møteplass i denne avdelinga. Her er tenkt to små sittegrupper. Vegg til venstre blir delvis opptatt med innreiing for miljøstasjon, diskret utforma i benkehøgde. Endevegg er aktuell for utsmykking. Takhøgde 2.70 m Vegg er godt synleg frå korridor.

B Veggparti mot hjørne som ligg tvers over korridor frå A- alternativet. Takhøgde 2.70 m. Veggpartiet er i det mest sentrale området i korridoren og vil vere iaugefallande.

2. etasje

Vrimleareal (F 219) Takhøgde 3,20 m. Her er tenkt små sittegrupper. Området er med si plassering delvis avskjerma frå korridoren og har fine veggparti på sidene. I enden eit høgt vindauge med innfall av dagslys. Ein kan her sjå føre seg kunst som nyttar dagslyset som eit positivt element. Ei moglegheit er å bruke vindaugsfelta direkte med inndelingar/ fargeelement som også kan sjåast frå utsida ved spesiell lyssetting på kveldstid.

Alternative plassar for utsmykking:

Øvre del av veggane i Tip- avdeling verkstader: Ein kan tenkje seg enkle element som bryt med det tradisjonelle verkstaduttrykket eller som kan spele på handverk og teknologi som vert fokusert på ved avdelinga.

Trappeoppgang mellom etasjane: Her er aktuelle soner for kunst så lenge det ikkje kjem i konflikt med persontrafikk.

Dei alternative stadane kan vere aktuelle som supplement til dei prioriterte om kunstnarane viser spesiell interesse for desse.

3. Omtale av kunstprosjektet og grunngjeving for val av verkskategori:

Verkskategoriar er:

- Enkeltverk/autonom utsmykking (innkjøp av eksisterende kunstverk)
- Delvis integrert utsmykking (bestilling eller innkjøp av enkeltverk/autonomt verk der plasseringsstaden tilpassast kunstverket)
- Integrert utsmykking (oppdragsbasert kunstverk som ein integrert del av bygninga)

Ei oppdragsbasert utsmykking vil best ivareta dei ideane og målsetjingane som er lagt fram for prosjektet. Generelt kan ein seie at kunst på vegg er mest aktuelt i alle alternativa. Komiteen ønskjer materialbasert kunst, gjerne i harde materiale som tre, stål e.l. Utsmykkinga kan danne relieffverknad, men utan å gå mykje ut frå veggflatene grunna avgrensa romareal. Eit unntak her kan vere 2. etasje der takhøgda er 3.20 m.

Alternativ A og B i første etasje vil ligge nær kvarandre og kan opplevast i samanheng.

For å sikre god heilskap her vil det vere ein fordel om desse utsmykkingane vert utført av same kunstnar.

Med bakgrunn i prosjektet sin storleik og midlar avsett til utsmykking finn ein det mest aktuelt å engasjere maksimalt to kunstnarar.

4. Forslag til kunstnarar:

Kjetil Aschim og Stian Korntved Ruud

Kjetil Aschim står for solide handverksløyser og originale tilnærmingar gjennom mellom anna gjenbruk av materiale. Han har også ein god porsjon humor i sin kunst, noko komiteen trur kan vere positivt i ein skulekvardag. I tidlegare utsmykkingsprosjekt viser kunstnaren evne til å arbeide fram meningsberande løyser med utgangspunkt i staden sin karakter, funksjon, historie og arkitektoniske uttrykk.

Stian Korntved Ruud har i sine arbeid ei leikande tilnærming der design og kunst smeltar saman til underfundige objekt som kan peike i ulike retningar – her kan både lyd og rørsle vere overraskande ingrediensar i tillegg til det reint visuelle, også han med sterk formforståing og kvalitet i handverket.

Dei to representerer ulike kunstnariske uttrykk som vi meiner kan bidra til mangfald og variasjon i utsmykkingane. Begge arbeider hovudsakleg med harde materiale som metall og tre. Dei kan vise til god innsikt i handverk og tekniske løyser som står seg over tid.

Fordeling av område (sjå elles punkt 2 ovanfor)

Kjetil Aschim, 1. etasje sosial sone og veggparti i korridor.

Stian Kortved Ruud, 2.etasje vrimleareal.

5. Budsjett for kostnader kunstprosjekt (inkl. konsulenttenester og 5 % avgift til BKH):

Avsett frå byggjebudsjett til

kunstnarisk utsmykking: _____ kr 465.000,-

Kunstnarisk konsulent: _____ kr 65.000,-

Produksjon av kunst: _____ kr 380.000,-

5% BKH (Bildende kunstneres hjelpefond) _____ kr 20.000,-

Sum: _____ kr 465.000,-

Økonomisk fordeling:

Ein tek sikte på ei lik deling av honorar for kunstproduksjon mellom kunstnarane.

6. Framdriftsplan:

Desember 2019 og januar 2020:

- Innleiande møte i kunstkomiteen; val av stader for kunst og utveljing av kunstnarar. (Gjennomført).

Februar 2020:

- Behandling av utsmykkingsplan og skiving av kontrakt med kunstnarar. Kunstnarar kjem på synfaring av bygget.

Mars 2020:

- Kunstnarar leverer skisser av prosjekt med teknisk utgreing for gjennomgang i kunstkomite.

April - august 2020:

- Produksjon av kunst og montering. Prosjektet skal vere ferdigstilt til skulestart august 2020.

7. Andre merknader/opplysningar:

Byggherre vil kunne skaffe / koste:

- Teknisk tilrettelegging. Hjelpemiddel til montering; eksempelvis stillas, stigar, o.l.
- Lyssetting av kunst (så lenge lys ikkje er ein integrert del av sjølve kunstverket)

Signatur og dato:

Namn: *Kjell Gunnar Overøye* Dato: *29.01.2020*